

Arbeidsprøven

-For vurdering av språk og lesing



ARBEIDSPRØVEN

FOR VURDERING AV SPRÅK OG LESING

NOTERINGSHEFTE

NYNORSK

Namn: _____ **Klasse:** _____

Alder: _____ **Skule:** _____

Prøveleiar _____ **Dato:** _____

OPPSUMMERING AV RESULTATA:

DELPRØVAR	RESULTAT	VURDERING
1 LYTTEFORSTÅING		
2 SETNINGSMINNE		
3 FULLFØRE SETNINGAR		
4 LAGE SETNINGAR		
5 ORDFORKLARING		
6 ORDMOBILISERING		
7 FONOLOGISK MEDVIT		
8 BOKSTAVKUNNSKAP – LESE		
9 BOKSTAVKUNNSKAP – SKRIVE		
10 LESE ORD		
11 SKRIVE ORD		
12 LESEFORSTÅING		
13 HØGTLESING		
14 SKRIVE TEKST		

ANNAN INFORMASJON:

.....

.....

.....

.....

.....

.....

1 Lytteforståing

“No skal eg lese ei forteljing for deg. Når eg har lese ho, skal du fortelje meg det du kan hugse. Høyr godt etter - **no byrjar eg...**”

Les teksten nedanfor. Når du er ferdig, seier du:

“No skal du fortelje meg alt du hugsar av denne forteljinga”

Utarbeidd av Bente E. Hagtvet

Nina heiter en jente som alltid søv saman med veslesystera og bamsen, Pelle, i eit raudmåla rom. Ei natt skreik Nina brått.

Hun gret fordi det hadde byrja å brenne i gardinene.

Far kom inn med eit glas mjølk fordi han trudde Nina var tørst.

Han bråsnuddde i døra og sprang til telefonen.

Snart hørde dei brannmennene utanfor.

Mor trøysta Nina då vatnet rann utover golva.

Då elden var sløkt, gav dei henne varm kakao.

Etter ein time, slutta Nina å gråte.

Mor sa: " Du er helten denne natta,

som premie skal du få vere med på ferie til Afrika".

Teksten har 100 ord.

Skåring: Bruk registreringsskjemaet på neste side

SKÅRING AV OPPGÅVE I LYTTFORSTÅING

Talet på forteljeelement (fe), maks 22 fe. (Bente E. Hagtvett)

FORTELJESTRUKTUR

TEKST

BARNET SI ATTFORTELJING

Skåre m/hjelp u/hjelp

Innleiing

Max. 4 fe, f.eks.

Person

Nina = 1

Nina + familie = 2

Tid (alltid) = 1

Stad = 1

Nina heiter ei jente

som alltid søv saman med

veslesystera og bamsen, Pelle,

i eit raudmåla rom.

Årsak/ motiv

Max 3 fe, f.eks.

skreik/ brenne = 1

skreik + brenne = 2

skreik + brenne + gardin = 3

Ei natt skreik Nina brått.

Hun gret fordi det hadde byrja

å brenne i gardinene.

Handling 1

Max 3 fe, f.eks.

mjølkk/ tørst = 1

mjølkk + tørst = 2

Far kom inn med eit glas mjølkk

fordi han trudde Nina var tørst.

Handling 2

Max 2 fe, f.eks.

Snur i døra = 1

Snur + ringjer = 2

Han bråsnudde i døra og

sprang til telefonen.

Handling 3

Max 1 fe, f.eks.

brannmenn = 1

Snart høyrde dei

brannmennene

utanfor.

Handling 4

Max 2 fe, f.eks.

Mor trøystar/ vatn renn = 1

trøystar + vatn renn = 2

Mor trøysta Nina då vatnet

rann utover golva.

Resultat

Max 2 fe, f.eks.

elden sløkt/

varm kakao = 1

elden sløkt + kakao = 2

Da elden var sløkt, gav dei

henne varm kakao.

Avslutning

Max 5 fe, f.eks.

slutta å gråte = 1

slutta + etter 1 time = 2

«helt»/ premie/ Afrika = 1

«helt» + premie + Afrika = 3

Etter ein time, slutta Nina å gråte.

Mor sa: «Du er helten denne natta.

Som premie skal du få vere med på ferie til Afrika».

Totalt (fe)

Spørsmål til lytteforståing

(blir stilt etter at barnet er ferdig med si spontane attforteljing)

(Bente E. Hagtvet)

1. Kva heitte bamsen til Nina? (minne)
2. Kvifor gret Nina så høgt? (eksplisitt)
3. Kvifor kom far med eit glas mjølk til Nina? (eksplisitt)
4. Korleis kunne far vite at det hadde byrja å brenne? (implisitt)
5. Kven ringde far til? (implisitt)
6. Kvifor rann det vatn utover golva? (implisitt)
7. Kor lang tid tok det før Nina slutta å gråte? (minne)
8. Kva sa mor til Nina då dei hadde drukke kakao? (minne, direkte tale)
9. Kva meinte mor då ho sa at Nina var helten denne natta?
10. Kva trur du hende etterpå? Kan du fortelje/ lage slutten på forteljinga?

Notatar:

2 Setningsminne

Instruksjon: "No skal eg lese nokre setningar høgt for deg. Du må høyre godt etter og gjenta akkurat det eg seier."

Stans prøvinga når tre etterfølgjande setningar blir feil hugsa. Registrer talet på rette setningar og feiltypene som eleven gjer.

1	Han sprang ut igjen.	1
2	Du kan gå og leggje deg.	2
3	Først tapte vi, men så vann vi.	3
4	Kven skal gutane leike med her?	4
5	På skulen leikar vi med bokstavar.	5
6	I går lærde hunden å hente pinnar.	6
7	Jenta sparka fotballen over hustaket.	7
8	Hesten kan springe frå ein som sykklar alt han kan.	8
9	Mor og far reiste ut på tur i ein liten kano.	9
10	Han flytta ut frå rommet sitt før klokka var blitt fire.	10
11	Pærene i hagen min er betre enn dei i butikken.	11
12	Jenta tok den leikelastebilen som ho ville ha med seg.	12
13	Line hadde ein fin kjole på seg for ho skulle vere med mor.	13
14	Elevane lærer snart at dei må passe seg når dei går over vegen.	14
15	Vi veit at nokre barn sluttar å gråte når vi gir dei noko å ete.	15
16	Reven sprang alt han kunne for å sleppe unna dei store svoltne hundane.	16
17	Ho er så flink til å spele gitar at ho kan bli med i verdsorkestret.	17
18	Det såg ikkje ut som om han hørde etter i det heile tatt når systera snakka.	18
	Total:	

Oppgåva er lett, litt vanskeleg, vanskeleg, - for eleven.

Talet på heilt rette setningar		
Forvekslingar	Eks:	
Utelatingar / tillegg	Eks:	
Misforståingar	Eks:	

Prøva er omsett etter avtale med Dansk Spesialpedagogisk Forlag

3 Fullføre setninger

“No seier eg nokre setningar. Dei er litt rare, fordi det manglar nokre ord på slutten. Du skal prøve å gjere dei ferdige. Du avgjer sjølv kva ord du vil bruke, berre det passar til det eg har sagt først.

Her er første setning: Han slo seg fordi” (hjelp eleven i gang om naudsynt)

Resultat

- | | |
|--|-------|
| 1. Når eg er ferdig med å ete | _____ |
| 2. Dersom guten hadde hugsa å sjå seg føre | _____ |
| 3. Ho har | _____ |
| 4. Ho veit at når | _____ |
| 5. Jenta sa | _____ |
| 6. Den vesle | _____ |
| 7. At du er trøytt | _____ |
| 8. Fordi dei andre går. | _____ |
| 9. Å lese | _____ |
| 10. Etter at han hadde | _____ |

_____/20

Vurdering: oppgåva er lett ☐, litt vanskeleg ☐, vanskeleg ☐, - for eleven

4 Lage setningar

Det er 3 setningar i materialet. Setningane blir klippede opp i enkeltord og tekne vare på i konvoluttar. Kvar setning kan endrast til 3 nye setningar.

Instruksjon: "Kan du leggje setninga: på skulen leikar vi med ball?.

Kan du leggje ei ny setning som tek til med **vi**?"

- | | |
|---|--|
| 1. PÅ SKULEN LEIKAR VI MED BALL | 2. I GÅR LÆRDE HUNDEN Å HENTE PINNAR |
| a) vi leikar med ball på skulen | a) hunden lærde å hente pinnar i går |
| b) med ball leikar vi på skulen | b) å hente pinnar lærde hunden i går. |
| c) leikar vi med ball på skulen? | c) lærde hunden å hente pinnar i går? |
3. SIST SOMMAR REISTE MOR OG FAR PÅ FERIE TIL SPANIA
- a) **mor** og far reiste sist sommar på ferie til Spania
- b) **til** Spania reiste mor og far sist sommar på ferie
- c) **reiste** mor og far sist sommar på ferie til Spania?

Talet på rette setningar: _____ maks. 9

Vurdering: oppgåva er lett ☐, litt vanskeleg ☐, vanskeleg ☐, - for eleven

5 Ordforklaring

Instruksjon: "No skal eg lese opp nokre ord for deg. Du skal prøve å forklare kva orda tyder. Dersom du ikkje veit heilt kva ordet tyder kan du fortelje meg kva du veit om ordet".

Skåring: Situasjonuavhengig forståing gir 2 poeng, kjennskap til ordet gir 1 poeng.

		Skåre: 2, 1 el. 0
1	Pengar	
2	Koffert	
3	Bensin	
4	Ambulanse	
5	Billett	
6	Globus	
7	Forstyrre	
8	Nyttår	
9	Misunneleg	
10	Mikroskop	
Vurdering: oppgåva er lett ☐ , litt vanskeleg ☐ , vanskeleg ☐ , - for eleven		Maks. = 20

6 Ordmobilisering

Instruksjon: "Sei så mange slag leiker o. l. du kan kome på i løpet av eitt minutt"
Skåre er talet på ord i kvar kategori.

Leiker (øveord)	
Mat	
Dyr	
Yrke	
Ord på M (øveord)	
Ord på S	
Ord på L	
Vurdering: oppgåva er lett ☐ , litt vanskeleg ☐ , vanskeleg ☐ , - for eleven	

7 Fonologisk medvit

a) RIM:

Instruksjon: "Finn det ordet som ikkje rimar (ikkje passar)".
Syt for at eleven forstår oppgåva før du tek til.

hus	mus	<u>pil</u>	pus	_____
egg	<u>tang</u>	vegg	skjegg	_____
sopp	hopp	kopp	<u>katt</u>	_____
bil	<u>mål</u>	mil	sil	_____
fille	pille	dille	<u>følgje</u>	_____
frekk	kjekk	<u>bank</u>	hekk	_____
lang	tang	vang	<u>land</u>	_____

skåre (maks. 7) _____

b) ANALYSE:

Instruksjon: "Kva for lydar er det i desse orda? (korleis vil du skrive desse orda?)"

Bil	_____	mus	_____	sola	_____	avis	_____
Sag	_____	trenar	_____	figur	_____	palme	_____
frukt	_____	spansk	_____	biltilsyn	_____	skuleveske	_____

skåre (maks. 12): _____

c) SYNTESE:

Instruksjon: "Kva for ord tenkjer eg på nå?"
Les lydane med ca. eit sekunds mellomrom.

m-u-s	b-å-l	l-ø-v-e	h-e-s-t
r-i-p-s	k-a-s-t-e	f-r-u-k-t	v-e-s-k-e
e-l-e-f-a-n-t	s-t-r-a-k-s	g-e-o-g-r-a-f-i	n-a-s-e-v-i-s

"kan du setje saman desse bokstavane slik at det blir eit tøyseord":

p-i-n-a-l	f-u-m-l-a	s-p-a-m-e-l	g-r-a-k-t	_____
-----------	-----------	-------------	-----------	-------

skåre (maks. 16) _____

d) POSISJONSANALYSE*"Kva for ein lyd kjem..."*

Etter	o	i	politi
Etter	f	i	elefant
Etter	r	i	patrulje
Føre	n	i	måne
Føre (begge)	e	i	krefter

Skåre (maks. 6) _____

e) SEGMENTSUBTRAKSJON.

Skåre

*"Kva blir det att av ordet ...når eg tar vekk...?"***E1 SAMMENSETTE ORD**

Snarsint	-	snar	=	_____
Blyantspissar	-	spissar	=	_____
Råkøyrar	-	rå	=	_____
Nedbetale	-	Ned	=	_____
Avslå	-	av	=	_____

skåre (maks. 5) _____

E2 STAVINGAR

Blåse	-	blå	=	_____
fenomenal	-	nal	=	_____
tidleg	-	leg	=	_____
bibliotek	-	li	=	_____

skåre (maks. 4) _____

e3 LYDAR*"Kva blir det att av ordet når eg tar vekk"*

måle	-	m	_____
brække	-	b	_____
veske	-	v	_____
sykkel	-	k	_____
papegøye	-	g	_____
struts	-	begge /s/ ane	_____

skåre (maks. 6) _____

Totalt: (maks 56) _____

Fonologisk medvit:Vurdering: oppgåva er lett ☐, litt vanskeleg ☐, vanskeleg ☐, - for eleven

8 Bokstavkunnskap – lese

Instruksjon: “Kan du lese desse lydane (bokstavane) for meg. For kvar lyd du les, skal du finne på to ord som tar til med denne lyden”

(Vel store eller små bokstavar etter kva eleven er mest van med)

Lese kort 1. Lag ord

A _____	D _____	Å _____
_____	_____	_____
B _____	O _____	V _____
_____	_____	_____
N _____	F _____	G _____
_____	_____	_____
I _____	P _____	L _____
_____	_____	_____
Y _____	Ø _____	U _____
_____	_____	_____
M _____	S _____	T _____
_____	_____	_____
Æ _____	R _____	E _____
_____	_____	_____
H _____	J _____	K _____
_____	_____	_____

Lesing: skåre (maks. 24)

Lag ord: skåre (maks. 48)

9 Bokstavkunnskap - skrive

Instruksjon: “Kan du skrive ned dei lydane/bokstavane eg les nå?”

Før du skriv seier du lyden/bokstaven slik at eg veit at du har høyrte rett”

Noter feil og nøling.

Les på den måten som eleven er van med (bokstav - lyd / bokstav - namn).

K S V P T Ø G F I L U Æ
D M A H N J B Y Å R E O

skåre (maks. 24)

10 Lese ord

Instruksjon: "Kan du lese desse orda høgt for meg?"

Lese kort 2

Ordlesing - lydrette ord

Talet på
rette

Sa	vi	ål	du	ør	våt
Dyr	syl	klo	båt	lys	tak
hest	føle	prat	pris	banan	måne
bruke	stige	grave	spire	fiskar	gammal
busk	slank	språk	arbeid	apene	skog
telefon	bokstav	overflate	tiltak	betaling	konklusjon

Maks 36

Lese kort 3

Ordlesing - nonord

Yl	vå	øt	æk	tyf	sam
Nep	olk	båne	eløf	nusk	sirp
Kift	flank	prone	milke	napene	tammel
bjem	rugl	tveld	sinden	lepsene	vånader

Maks 24

Lese kort 4

Ordlesing - ikkje lydrette ord

hjelp	gi	er	kom	det	nei
Gøy	Skei	over	som	nok	godt
Jord	skip	hjort	gjekk	hjarte	gjest
kveld	Igjen	haust	gjennom	verda	kjepp
sauene	kino	hjørnet	gjødsel	kirsebær	hoggorm

Maks 30

Vurdering av tidsbruk:

Vurdering av tryggleik

Totalt tal på rette svar: (maks 90)

11 Skrive ord.

DIKTAT 1: LYDRETTE OG IKKJE-LYDRETTE ORD - EINSTAVINGSORD

Øveoppgåve:

A. vi skal lese no. Skriv no. B. ei ku gir oss mjølk. Skriv oss.

- | | | | |
|---|------|--|------|
| 1. kan du <u>ro</u> ein båt? | ro | 14. han hjelper far <u>sin</u> | sin |
| 2. det er <u>is</u> på sjøen..... | is | 15. barna hadde ein fin <u>dag</u> | dag |
| 3. barna <u>såg</u> ein gammal bil..... | såg | 16. guten skriv <u>fint</u> | fint |
| 4. dei bur i eit nytt <u>hus</u> | hus | 17. rosa er <u>raud</u> | raud |
| 5. jenta et <u>ei</u> gulrot..... | ei | 18. <u>det</u> er ikkje vanskeleg..... | det |
| 6. eg får ein <u>ny</u> sykkel..... | ny | 19. blir du <u>med</u> på tur | med |
| 7. fredag er fødselsdagen <u>min</u> | min | 20. klokka mi <u>går</u> ikkje lenger | går |
| 8. han <u>var</u> til tannlegen i går..... | var | 21. det <u>kan</u> eg ikkje skrive..... | kan |
| 9. <u>sjå</u> den fine bilen | sjå | 22. han kom <u>før</u> tida | før |
| 10. det er ein <u>stor</u> pakke..... | stor | 23. <u>dei</u> lo då klovnene datt | dei |
| 11. <u>den</u> gamle mannen er sjuk | den | 24. er det din hund <u>som</u> spring der?.... | som |
| 12. det er ein svært <u>dyr</u> bil | dyr | 25. jenta er svært <u>glad</u> | glad |
| 13. den gamle mannen kan ikkje <u>gå</u> | gå | | |

Skåre: / 25

DIKTAT 2.

LYDRETTE TO- OG FLEIRSTAVINGSORD:

dele.....
naturen.....
fiskane.....
apene.....
gate.....
reparere.....
plystre.....
krone.....
sjukehus.....
finare.....
motoren.....
bråkar.....
silke.....
bilen.....

skåre /14

DIKTAT 3

IKKJE - LYDRETTE TO OG FLEIRSTAVINGSORD:

kvifor.....
kanskje.....
forretning.....
skeive.....
igjen.....
vinden.....
gjere.....
kjele.....
skeive.....
buxene.....
hjelp.....
viskeleret.....
hjarte.....
køyre.....
ikkje.....
innkjøp.....
oppgjer.....

skåre: /17

12 Leseforståing - lesekort 5

Utarbeidd av Bente E. Hagtvat

Instruksjon: "No vil eg be deg om å lese ei lita forteljing høgt for meg. Legg godt merke til kva du les, så du etterpå kan fortelje meg det du har lese".

	Talet på ord
Per heiter ein gut som alltid bur saman med mor, far og systera, Line, i ei stor blokk.	18
Ein dag glei mor i trappa. Ho låg heilt stille, for det gjorde vondt i beinet.	34
Per tok til å gråte fordi han vart redd.	43
Naboen kom ut i gangen og ringde til sjukehuset.	52
Snart høyrde dei ulande sirener utanfor. Per trøysta mor då dei bar henne ut i sjuke bilen.	68
Då dei besøkte henne på sjukehuset, ga dei henne blomster.	78
Etter to dagar kom mor heim.	84
Far sa: "Velkomen heim. Set deg i ein stol og lat som du er på hotell."	100

Talet på ord:

Skåring: Bruk registreringsskjemaet på neste side.

Notatar:

SKÅRING AV OPPGÅVE 12 LESEFORSTÅING

Talet på forteljeelement (fe), maks 21 fe. (Bente E. Hagtvet)

FORTELJESTRUKTUR

TEKST

BARNET SI ATTFORTELJING

Skåre m/hjelp u/hjelp

Innleiing

Max. 4 fe, f.eks.

Person

Per = 1

Per + familie = 2

Tid (alltid) = 1

Stad = 1

Per heiter ein gut

som alltid bur saman

med

mor, far og systera Line

i ei stor blokk.

Årsak/ motiv

Max 3 fe, f.eks.

Glei = 1

Glei + låg stille = 2

Glei + låg stille + vondt = 3

Ein dag glei mor i trappa.

Ho låg heilt stille, for det

gjorde vondt i beinet.

Handling 1

Max 3 fe, f.eks.

redd/ gråte = 1

redd + gråte = 2

Per tok til å gråte

fordi han vart redd.

Handling 2

Max 2 fe, f.eks.

kom ut = 1

kom ut + ringjer = 2

Naboen kom ut i gangen

og ringde til sjukehuset.

Handling 3

Max 1 fe, f.eks.

sjukebil/sirener = 1

Snart hørde dei

ulande sirener utanfor.

Handling 4

Max 2 fe, f.eks.

trøysta/ bar ut = 1

trøystar + bar ut = 2

Per trøysta mor då dei bar

henne ut i sjukebilen

Resultat

Max 2 fe, f.eks.

vitja / blomster = 1

vitja + blomster = 2

Då dei vitja henne på

sjukehuset, gav dei henne
blomster.

Avslutning

Max 5 fe, f.eks.

to dagar/kom heim = 1

to dagar + kom heim = 2

velkomen heim = 1

velkomen + set deg i stol +

hotell = 3

Etter to dagar kom mor
heim.

Far sa: "Velkomen heim. Set
deg i ein stol og lat som du er
på hotell."

Totalt (fe)

Spørsmål til leseforståing

(Blir stilt etter at barnet er ferdig med si spontane attforteljing):

(Bente E. Hagtvet)

1. Kva heitte systera til Per? (minne)
2. Kvifor låg mor heilt stille i trappa? (eksplisitt)
3. Kvifor tok Per til å gråte? (eksplisitt)
4. Korleis kunne naboen vite at mor hadde slått seg? (implisitt)
5. Korleis kunne mannen som køyrde sjukebilen vite kvar mor og Per budde? (implisitt)
6. Kva gjorde Per då dei bar mor ut i sjukebilen? (eksplisitt)
7. Kor lenge låg mor på sjukehus? (minne)
8. Kva sa far til mor då dei kom heim? (minne, direkte tale)
9. Kva meinte far då han sa at mor skulle late som om ho budde på hotell?
10. Kva trur du hende då mor kom heim? Kan du fortelje/ lage slutten på forteljinga?

Sjå eige skåringsskjema.

Notatar:

13 Høgtlesing

Noter feillesing på dette arket. Ta opp lesinga på band.

Lesekort 6 – 10

Nivå 1: lesekort 6

LISE

Far les i ei bok.
 Han les for Lise.
 Far les om Pippi,
 Pippi likar å leike.
 Ho likar dyr.
 Ho har ei ape.
 Ho har ein hest.
 Ho likar å leike med apa og hesten.
 Lise lær.
 Ho tykkjer at Pippi er rar.

Teksten har 44 ord

Nivå 2: lesekort 7

ÅSE OG ULF

Åse og ein gut som heiter Ulf hadde gått til elva.
 Det var is på elva.
 Åse og Ulf ville leike med ein båt heilt inne ved kanten.
 Der var det vatn.
 Åse datt i elva. Ho vart redd.
 Ulf vart også redd.
 Men Ulf tok tak i jakka til Åse.
 Ulf drog Åse opp av vatnet.
 Åse var våt og kald. Ho sprang heim.
 No er ho sjuk. Ho drikk varm mjølk.
 Åse kan nesten ikkje svelgje. Halsen min, seier Åse.

Teksten er henta fra Min ABC, Skjelfjord og Skjelfjord, etter avtale med forfattarane og forlagsredaktør.

Teksten har 82 ord

Nivå 3: lesekort 8:

VINDEN OG SOLA.

Vinden og sola krangla om kven av dei som var den sterkaste. Då kom ein mann gåande. Han hadde ei varm kappe på seg. Dei vart samde om at den som først fekk mannen til å ta av seg kappa, skulle vere den sterkaste.
 Så bles vinden av all si kraft. Men dess meir det bles, dess tettare drog mannen kappa rundt seg. Til sist gav vinden opp.
 Då kom sola fram, og det vart godt og varmt. Straks tok mannen av seg kappa. Og så måtte vinden vedgå at sola var den sterkaste av dei.

Teksten har 96 ord.

Nivå 4: lesekort 9

VINDEN OG SOLA

Vinden og sola kunne ikkje bli samde om kven av dei som var sterkast. " Vi må finne noko å bruke kreftene på." sa vinden. Dei tenkte litt. Då fekk dei sjå ein mann som gjekk nede på vegen med ei kappe rundt seg. "Den av oss som kan få mannen til å ta av seg kappa, er den sterkaste." ropa vinden. Sola var einig. Vinden tok til å blåse alt den kunne. Det vart kaldt, og mannen drog kappa tettare rundt seg. Til slutt måtte vinden gi seg. " No er det min tur!", sa sola. Sola kom fram bak skyene og tok til å skine. Det vart varmare og varmare. Mannen vart også varm i den tjukke kappa si. Etter ei stund tok han kappa av seg, og sette seg ned. "No har eg vunne." sa sola. Vinden måtte vedgå at sola var sterkast.

Teksten har 144 ord.

Nivå 5: lesekort 10

NORDAVINDEN OG SOLA.

Nordavinden og sola krangla ein gong om kven av dei som var den sterkaste. Begge meinte dei sjølve var sterkast, og dei kunne ikkje bli samde. "Vi må finne ein måte å prøve ut dette på." sa sola. Begge tenkte lenge på korleis kappestriden kunne gjennomførast. Brått fekk dei auge på ein mann som gjekk på ein veg nede på jorda. Mannen hadde sveipt ei tjukk kappe rundt seg fordi det var ein kald dag. "Den av oss som greier å få mannen til å ta av seg kappa, er den sterkaste." sa nordavinden. Sola sa seg einig i det. Nordavinden sette i gang med å blåse. Stormskyene jaga over himmelen. Lauvet vart kvervla opp fra bakken. Trea bøygde seg i vindkasta, greiner knakk tvers av, og det vart isande kaldt. Mannen nede på vegen vart forferda over uveret som kom så brått. Han bøygde seg framover, drog kappa godt rundt seg og kjempa seg gjennom stormkasta. Nordavinden sette inn alle kreftene sine for å rive kappa av mannen, men til inga nytte. Mannen tviheldt på kappa med begge hendene. Til slutt måtte nordavinden gi seg, og det vart sola sin tur til å prøve. Sola kom fram bak dei mørke uversskyene. Ho tok til å skine. Lufta vart varmare, og fuglane tok til å syngje. Mannen nede på vegen gledde seg over solskinet. Etter kvart vart det så varmt at han ikkje orka å ha på seg den tjukke kappa lenger. Han tok ho av seg, og sette seg ned for å kvile i det gode veret. "No må du vedgå at eg har vunne." sa sola. Det måtte nordavinden seie seg samd i.

Teksten har 275 ord


14 Skrive tekst (tilleggsoppgåver)

Skrive attfortelljing: velg tekst etter eleven sine interesser og modningsnivå

Fri skriving: velg oppgåver som vekker eleven sin fantasi eller bruk teksten på side 20

Andre prøver: sjå sist i lærarrettleiinga

LAGE SETNINGAR - MATERIELL



➤ KLIPP OPP SETNINGANE
I ENKELT ORD

➤ OPPBEVAR SETNINGANE
KVAR FOR SEG

1 på skulen leikar vi med bokstavar

2 i går lærde hunden å hente pinnar

3 sist sommar reiste mor og far

med fly til Spania

Vinden og sola

Vinden og sola krangla om kven av dei som var den sterkaste. Då kom ein mann gåande. Han hadde ei varm kappe på seg. Dei vart samde om at den som først fekk mannen til å ta av seg kappa, skulle vere den sterkaste.

Så bles nordavinden av all si kraft. Men di meir den bles, di tettare drog mannen kappa rundt seg. Til sist gav nordavinden opp

Då kom sola fram, og det vart godt og varmt. Straks tok mannen av seg kappa.

Og så måtte nordavinden vedgå at sola var den sterkaste av dei.